



Oppsummering av Handlingsplanen 2020 - 2024

«Langrennsglede for alle»






NSF Langrenn Handlingsplan 2021-2024

TEMA

STATUS I ARBEIDET MED NSF LANGRENN SIN HANDLINGSPLAN 2021-2024

- Overordna status
- Dei lange linjene (som bakgrunn for dagens plan)
- Status for tiltaka i handlingsplanen
- Oppsummering og samla vurdering
- Læringspunkt, kva tek vi med oss vidare





Handlingsplan 2021-2024

Overordna status

Snart set vi strek over perioden 2021-2024, og er klare for ein ny planperiode. Med den nye perioden kjem også ein ny **strategi for Norges Skiforbund**.

Gjennom heile Norges Skiforbund si historie har vi utvikla oss. Og - som i resten av idretten - må vi alltid ha fokus på å vere i vidareutvikling. Det er også ein av årsakene til at det kjem ein ny strategiplan for perioden 2024-2028.

Det er definitivt mykje bra som skjer i norsk langrenn!

Sentralt

Krets

Klubb





Overordna status

Samtidig er også NSF Langrenn under press:

- Økonomi/ marked
- Rekruttering
- Betente konflikter som har prega organisasjonen
- Utfordringar med omdøme

Desse utfordringane har også prega NSF LK sitt arbeid i planperioden.

For å kunne vere **verdens fremste skinasjons** også i framtida er det viktig å ta lærdom av sine feil, og sjå **moglegheiter til forbedring og vidare utvikling**.

Målet framover er å gjere noko som allereie er bra - endå bedre!





Dei lange linjene (som bakgrunn for dagens plan)

Etter at Skiforbundets Utviklingsmodell vart vedtatt som grunnlag for Norges Skiforbund sin Strategiplan ifbm. Skitinget i Trondheim i 2016 har **SUM** blitt eit omgrep i norsk skisport.

NSF Langrenn skal ta vare på alle som vil delta, frå dei som ynskjer lågterskel aktivitet til dei som vil konkurrere på høgt nivå.

Vi har fortsatt ein del å gå på når det gjeld å legge til rette for dei som har lyst å vere med, utan nødvendigvis å konkurrere.

I så måte har betydninga av kontinuitet og langsiktigkeit stått heilt sentralt i vårt arbeid med oppfølging av «*Langrennsglede for alle*»





Dei lange linjene (som bakgrunn for dagens plan)

I tråd med **SUM** skal utvikling av langrennsutøvaren gjerast i eit langsiktig perspektiv.

For at ein utøvar skal utvikle seg er det behov for **trenarar, arrangement, og anlegg** som er lagt til rette slik at utvikling kan skje gjennom eit langt idrettsliv.



Klubbane har i **klubbundersøkingane** gitt eit godt innblikk i skiidretten sine utfordringar og moglegheiter - godt grunnlag for gjeldande plan

Auka rekruttering og det å beholde utøvaren gjennom heile barne- og ungdomsperioden har vore eit uttalt mål. Og det skal skje gjennom **attraktiv tilrettelegging av aktivitetene, kompetanseheving i klubbanne og ved reduksjon av barrierar (som t.d. økonomiske føresetnader)**





Status for tiltaka i handlingsplanen

Handlingsplan 2021-2024 inneheld ei rekke mål og tiltak som i perioden har bidratt til å støtte ut ein tydeleg kurs for utviklinga av norsk langrenn.

Oppfølginga har i periodar fungert godt, men NSF LK si interne vurdering viser at det er utfordringar i høve til å ha moglegheitsrom til å arbeide planmessig.

Per juni 2024, tre år etter at lanseringa av planen, er mange tiltak sett i verk.

Vår vurdering er at **tiltaka er relevante**, og fleire er fortsatt under utvikling





Status for tiltaka i handlingsplanen

Handlingsplanen inneheld tilsaman 64 tiltak, innanfor fire satsingsområder:


- Arrangement- og aktivitetsutvikling
- Anleggsutvikling
- Toppidrett
- Frivillighet og dugnadsinnsats

Nokre tiltak er kortsiktige, medan andre har ein langsiktig karakter

Tiltaka er også fordelt på medlemmame i NSF LK i høve oppfølging

Per juni 2024 er ca. 40 tiltak sett i verk/ fulgt opp, medan 24 tiltak er på vent





Oppsummering og samla vurdering

- Handlingsplanen har vore ei **fleirårig satsing**, og tiltaka har pågått over fleire år.
- Nokre tiltak har **«kontinuerleg karakter»**, og er også vanskelege å måle effektane av, men dei er med å bestemmer retning.
- For fleire av tiltaka er det fortsatt **for tidleg å konkludere** med omsyn til effekt og grad av måloppnåelse.

Planen er organisert med svært mange tiltak, kanskje for mange...???)





Oppsummering og samla vurdering

Område/ tiltak ein har lukkast med

- Utarbeiding av ny og oppdatert **Utviklingstrapp**
- Arbeidet knytt til **Skiklubbbutviklarane** som viktige bidragsytarar for vår aktivitet lokalt og regionalt.
- Kompetanseutvikling / rådgjeving (t.d. anlegg, arrangement)
- Forsterking av **paraidretten** i norsk langrenn
- Arbeidet med **toppidrett/ landslag**





Oppsummering og samla vurdering

Område/ tiltak der ein fortsatt har ein veg å gå:

- Oppfølging av konkrete **tiltak knytt til mangfold, integrering og reduksjon av barrierar for deltaking**
- Sikre **inntektsrammene**, og ivareta markedsavtalar og utvikling av kommersielle plattformer
 - Ein kan nok ikkje forvente at krets/ klubb på kort sikt vil bli tilført meir økonomi frå sentralleddet til aktivitet.
- Arbeidet med berekraft og utvikling av **klimavenlege løysingar** for t.d. snøproduksjon og teknologi for bevaring av snø
- Arbeidet med å styrke **frivilligheita og dugnadsinnsatsen** i norsk langrenn, utvikling av klubbarbeidet





Sidan Haustmøtet 2023....

NSF LK si viktigaste oppgåve frå Haustmøtet 2023 og fram til i dag, har vore å finne Cathrine.

I samband med Espen sin avgang så valte NSF LK å omorganisere organisasjonen (betydeleg prosess i oktober, november, desember)

Omorganiseringa vil på sikt vere eit viktig bidrag i å gjere organisasjonen i stand til å jobbe meir planmessig.

Ein dagleg leiari som er tettare på marked, det økonomiske og administrative arbeidet, samt organisasjonsutviklinga i NSF, gjer at komiteen framover kan jobbe meir målretta i heile verdikjeden til norsk langrenn.





Oppsummering og samla vurdering

Avslutningsvis:

Viktige læringspunkt i høve til utvikling av handlingsplan for kommande periode (2024-2028)

- Ein ny planen må «spissast» med færre mål og tiltak – vurdere å prioritere mål og tiltak
 - Hugs på at noverande plan er av vesentleg mindre omfang samanlikna med tidlegare planverk
- Typiske tiltak med «kontinuerleg karakter» innarbeidast i eit eige årshjul
- Handlingsplanen må koordinerast mot budsjett – alltid ei utfordring i planarbeid
- Syte for at organisasjonen «går i takt» – dvs. at langrennskomiteane i krets sin handlingsplan må bygge på NSF LK sin plan.
- Årleg revisjon av planen

